



## Notat

Dato: 16.05.2014  
Arkivsak: 2014/14001-8  
Saksbehandlar: monsgn

---

**Til:** Kommunal- og forvaltningskomiteen i Stortinget

---

**Frå:** Fylkesvaraordføraren, Hordaland Fylkeskommune

---

### Kommuneproposisjonen 2015 - Merknader frå Hordaland fylkeskommune

Regjeringa la fram Kommuneproposisjonen 2015, Prop. 95 S, onsdag 14. mai 2015 og det har dermed vore knapt med tid til å setja seg inn i det omfattande materialet.

#### Generelt

Hordaland fylkeskommune har merka seg at regjeringa legg opp til mindre realvekst for fylkeskommunane i 2015 enn det som har vore dei siste åra. Med om legging av inntektssystemet – som ein kjem attende til nedanfor – kan dette gje store utfordringar for m.a. Hordaland fylkeskommune. I proposisjonen er det nemnt at 150 mill. kr av realveksten på mellom  $\frac{1}{4}$  og  $\frac{1}{2}$  mrd. kr er grunngeven med behovet for å opprusta fylkesvegane. I Nasjonal transportplan er det lagt opp til å løyva 10 mrd. kr til dette i perioden fram til 2023. Dette er positivt for å få betra fylkesvegstandarden, men ein skulle gjerne sett at regjeringa tok ein litt større del i 2015 fram mot målet på 10 mrd. kr i 2023. For åra 2014 og 2015 vert – med opplegget i Kommuneproposisjonen 2015 – til saman ei løyving på 930 mill. kr for desse to åra.

#### Nytt inntektssystem

Regjeringa foreslår som varsla omlegging av inntektssystemet for fylkeskommunane. Det nye inntektssystemet – med nye kostnadsnøklar og ny vekting av dei ulike kriterier – er komplisert og omfattande å setja seg inn i. Det går heller ikkje fram av Kommuneproposisjonen korleis endringane frå gammalt til nytt system er rekna ut. Det er difor uråd å ha noko oppfatning av utslaga.

Hordaland fylkeskommune har merka seg at fylkeskommunen sitt rammetilskot vert redusert med 122 mill. kr i det nye inntektssystemet samanlikna med opplegget i dag, jf. tabell 7.13 i proposisjonen. Til no har det ikkje vore mogeleg å finna sikkert svar på årsaka til reduksjonen, men det er grunn til å tru at omlegginga av kostnadsnøkkelen for vidaregåande skular og ferjetilskotet er ein viktig delfaktor.

#### *Vidaregåande opplæring*

Borge-utvalet, som arbeidde med omlegging av inntektssystemet tidlegare, peika på kostnadsskilnader mellom utdanningsprogramma med talet på elevar innanfor yrkesfagelevar som ein vesentleg faktor.

Hordaland fylkeskommune satsar tungt på dei kostnadskrevjande yrkesfaga. Fylkeskommunen vil halda fram med å støtta opp under behov for fagutdanna arbeidskraft i næringslivet ved å trappa opp andelen elevar og lærlingar i disse utdanningsprogramma. Å kunna tilby nok relevante lærlingplassar vert oppfatta som spesielt viktig, og statistikk viser at det i Hordaland er svært mange lærlingplasser i høve til talet på yrkesfagselevar. Nettopp derfor er det grunnleggjande viktig at den mest sentrale kostnadsnøkkelen for fylkeskommunal tenesteyting er treffsikker.

Regjeringa vil gjennomføra eit løft for yrkesfaga og det nye inntektssystemet harmonerer – etter Hordaland fylkeskommune sitt syn – dårleg med ei behovsorientert satsing på yrkesfag og høg andel lærlingplassar. Det bør ut frå dette vurderast om den samla vektinga av yrkesfag i kostnadsnøkkelen bør setjast høgare for å stimulera til satsing på yrkesfag i kombinasjon med ein høgare andel lærlingplasser for landet sett under eitt. Hordaland fylkeskommune ber departementet om vurderer å justera kostnadsnøkkelen for vidaregåande opplæring i tråd med Borge-utvalet sine tilrådingar.

#### *Kollektivdrift*

Hordaland fylkeskommune er i gang med ei stor satsing innanfor kollektivdrift. Satsinga har så langt vist gode resultat med sterk auke i passasjertal i kollektivtransporten i heile fylket, og særleg i bergensområdet. Med den magre realveksten det er lagt opp til i 2015 – og reduserte driftsramme som følgje av nytt inntektssystem – vert det svært utfordrande for Hordaland fylkeskommune å vidareføra kollektivsatsinga. Saman med vidaregåande opplæring er kollektivsektoren dei største sektorane for fylkeskommunen og det er difor særleg viktig at det nye inntektssystemet er treffsikkert og målretta innanfor desse sektorane.

#### *Ferjer*

Etter regionreformen i 2010 fekk fylkeskommunane ansvaret for det alt vesentlege av ferjestrekningane i landet. Kompensasjonen for dette ansvaret vart lagt på den såkalla C-lista i inntektssystemtet. Hordaland er eit stort ferjefylke og fekk naturleg nok stor utteljing ved denne ansvarsoverføringa.

Regjeringa foreslår i Kommuneproposisjonen å ta ferjetilskotet ut av C-list og leggja det inn den generelle kriterievektinga. Sidan ferjedrift er ulikt fordelt i landet – og det omfattar store summar vel 1,5 mrd. kr i 2014 – er det svært viktig å dei valde kriterier er treffsikre. Regjeringa foreslår at ein no skal leggja til grunn talet på samband som kriterium. Hordaland fylkeskommune er usikker på om dette er treffsikkert nok.

Hordaland fylkeskommune har merka seg at det er sett ned ei departemental arbeidsgruppe for å kvalitetssikra båt- og ferjedelen av inntektssystemet. Hordaland fylkeskommune står gjerne til teneste med denne gruppa sitt arbeid.